Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~45~~ 7 (tilleggsliste) Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bø.

Emne: Skav Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. Gard: Nordbø.

(adresse): Bø Telemark G.nr. 54 Br.nr. 8 og 9.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eigne oppteikningar

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

3

Dei trudde at skav kunne verke så mjølka fekk smak av det.
Det var serleg osp som gav smak.

4

Dei skav ofte om våren og på vårkanten vær dei såg det blei lite fôr og laut tåle noget. Dei ottast vårknipa.

5

Dei nytta skav-kniv med skaft i endane dei stod i rett vinkel med kniven.



skavkniv.

8974 F.

Dei kunno ikkje nytta skaukniven til å hola ut med. – Men dei kunno og bruke kniv og ljå (ljåbrot) til å skava med.

6

Dei kunde halde stokken dei skava millom bena, knea og så skava.
Eller dei sett stokken på skrå opp mot taket og skava. Når dei heldt i båe handtaka var hendene bundne, men bruka dei kniv, ofte høgre handa, hadde dei vinstre fri og kunde stø stokken.
Dei hadde skavet i kjosse eller sekk, eller tok det i fanget og bar det åt fjøset.

10

Det var ikkje så nøgje med vegdoms rikkum i den tida. Det var utvandast og friast i samnøgje og ålmenning, men elles var dei ikkje så nøgje. Naud bryte alle lovor.

12

Ja, det såg då ut som stokken ikkje var skava, men det hekk kanskje.

b. 8974
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING